

Forsøk på å flytte ein koloss – EU/Norge landbruk 1993/94

Presentasjon NILF 1. mars 2007

Alf Vederhus

SeMM

Senter for matpolitikk og marked



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning



KVA ER DETTE ?

- Ein analyse av medlemskapsforhandlingane EU/Norge på landbruksområdet 1993/94
- Basert på 20 **bakgrunnsintervju** med norske, finske og EU-informantar
- Basert på gjennomgang av arkivstoff fra LMD og andre arkivkjelder
- Analyserer primært forhandlingshandverket til norske politikarar og embetsverk
- Brukar diskusjonen om gradvis pristilpassing og nordleg landbruk som døme





PROBLEMSTILLINGAR

- Klar forståing av forhandlingsprosess og forhandlingsstrategi?
- Evne til prioriteringar og endringar av posisjonar?
- Påverka dette forhandlingsresultatet?
- Balansen offentleg debatt/effektive forhandlingar?
- Lærdom av forhandlingane med tanke på framtida?





NOKRE HOVUDSYNSPUNKT

- Mykje godt arbeid utført på norsk side i forhandlingane, men:
- Mangelfull forståing av medlemskapsforhandlingar
- Manglande prioritering mellom ulike krav
- For låg prioritering av landbruk i forhold til fisk
- Manglande tiltru i den offentlege debatten





Dei viktigaste personane på landbruk

- Gro Harlem Brundtland
- Jonas Gahr Støre
- Eivinn Berg
 - Gunhild Øyangen
 - Gabriella Dånmark





Norsk forståing av medlemskapsforhandlingar mangelfull

- Medlemskapsforhandlingar er ikkje ein jambyrdig prosess
- Krav om unntak vert stort sett til overgangsordningar
- Norge ville at EU skulle ”slutte seg til oss”
- Norge ville stort sett halde fram som før på landbruksområdet, trudde det var mogleg
- Lite fokus på tilpassing til EUs landbrukspolitik
- Vanskeleg å oppdage ein norsk forhandlingsstrategi





Manglande prioritering mellom ulike krav

- "If all questions are central, you get nothing"
- Svært ambisiøse krav fra starten i oktober 1993
- Stor vilje til å halde på krav heilt til ein måtte gje opp nesten alt
- Veldig mykje is i magen
- Manglande prioritering gjaldt både politikarar og embetsverk
- Norge blei oppfatta som eit ytterpunkt av søkarlanda



For låg prioritering av landbruk i forhold til fisk

- Landbruk skulle ikkje velte medlemskapsprosjektet til Regjeringa
- Landbruket ville uansett stemme nei
- Regjeringa undervurderte motstanden i næringsmiddelindustrien
- Kampsaka gradvis pristilpassing var i realiteten gitt opp før den avsluttande "superhelga"
- Ei pragmatisk overgangsordning for EU-prisar hadde letta situasjonen for både EU og Regjeringa
- Norge burde vore førande på gradvis pristilpassing, ikkje Finland





Forholdet til EU-kommisjonen

- Kommisjonen oppfatta Norge som sta og ytterleggående og med mange uprioriterte krav
- Verken medlemslanda eller Kommisjonen rekna med som sikkert at Norge ville bli EU-medlem
- Dei norske forhandlarane var frustrerte over motstridande signal fra ulike delar av Kommisjonen (DG landbruk, Task Force)
- Dette gjaldt både tidsramma for forhandlingane og temaet gradvis pristilpassing
- Kommisjonen var meir vant med forhandlingstekstar og traktatutforming enn Norge





Forholdet til Finland

- Godt forhold i landbruksforhandlingane mellom embetsverka i Norge og Finland
- Finland hadde klarare for seg kva dei måtte ha til slutt, utan at dei fekk alt slik dei ville
- Finland endra forhandlingsstrategi under vegs i forhandlingane
- Norge fanga ikkje opp desse endringane på finsk side før etter ei tid
- Norge satsa på at Finland skulle ordne opp for oss på landbruk
- Finland kunne ikkje fullt ut satse på at Norge ville bli medlem





Forholdet til Norges Bondelag

- Norges Bondelag var litt i tvil i starten, men valte fort motstandslina mot regjeringa
- Hovudoppgava for bondelaget var å rive ned tiltrua til alt regjeringa sto for i landbruksforhandlingane
- Eit samarbeid med regjeringa ville gjort Norges Bondelag til ein del av hemmelegghaldet
- Bondelaget satsa alt på eitt kort, nei til EU-medlemskap
- Regjeringa kom ofte dårleg ut i den offentlege debatten om konsekvensar av landbruksavtalen
- Bondelaget brukte regjeringas talmateriale til å argumentere mot regjeringa
- Alle nyansar blei borte i debatten om landbruk og EU





Manglande tiltru i den offentlege debatten

- For mykje hemmelegald av norske posisjonar i visse fasar av forhandlingane
- Omfattande oversal av landbruksavtalen som god både for bonde og forbrukar
- Regjeringa vart tatt i å vere omtrentleg med realitatane
- Kritikk i store norske aviser
- Umogleg situasjon på grunn av manglande avklaring av viktige landbrukskrav hausten 1994
- Manglande tiltru gjorde det umogleg å selje inn det som var bra i avtalen, som nyskapinga nordleg landbruk





Lærdom med tanke på framtida

- Medlemskapsforhandlingar
 - Forstå den strukturelle ubalansen i slike forhandlingar
 - Betre opplæring av politikarar og embetsverk
 - Lengre førebuingstid enn i 1993/94
 - Betre forståing av korleis EU-systemet fungerer
 - Gjennomtenkt informasjonsstrategi
 - Nøktern presentasjon av resultat, få fram eventuelle trofear





Lærdom med tanke på framtida

- (Landbruks)forhandlingar generelt
 - Kvalifisert vurdering av kva som er mogleg å oppnå
 - Streng prioritering forankra i forhandlingsleiinga
 - Definere smertegrenser
 - Unngå marginalisering i forhandlingane
 - Må vite når det er tid for å spele ut forslag og når det er tid for å inngå kompromiss
 - Ein bør ikkje berre oppsøke venlegsinna land
 - Det er viktig å kjenne til endringar i vurderingane til andre land





AVSLUTNING

- 1994 er historie, men det er nær oss framleis
- Formålet med rapporten var todelt:
 - Kva skjedde egentleg på visse sentrale område i landbruksforhandlingane?
 - Kva kan vi lære av 1994 med tanke på framtidige forhandlingar?
 - For meir om dette, les rapporten !

